

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.03.2014
Frå: **Administrerende direktør**
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Oppfølging av ESA sin konklusjon i sak om den norske sjukehusapotekordninga**

**Administrerende direktør si orientering pkt 4
Styresak 040/14**

Styremøte 02.04. 2014

ESA har over fleire år hatt til behandling ein klagesak mot den norske sjukehusapotekordninga. Klagen er inngitt av Apotek 1 Gruppen, og omfatta i utgangspunktet spørsmålet om det låg føre ein ulovleg direkteanskaffing ved sjukehusa sine kjøp av legemidlar og farmasøytiske tenester frå sjukehusapoteka. Denne delen av klagen blei ved brev av 24. oktober 2011 frå ESA lukka.

Klagen blei seinare utvida til også å gjelde påstandar om ulovleg statsstøtte (brot på EØS-avtalens Art 61 første ledd), ved at publikumsutsala hadde ein ikkje rettmessig konkurransefordel samanlikna med private apotek.

Etter fleire år med sakshandsaming og stillstand blei Helse- og omsorgsdepartementet i haust gjort kjende med ESA sin konklusjon og tilrådingar i saka som inneberer at finansieringa av dei norske sjukehusapoteka ikkje er i samsvar med EØS-avtalen sine regler om offentleg støtte, og at finansieringa derfor må endrast;

- For det første må sjukehusapoteka føre separate rekneskap for publikumsdelen og institusjonsdelen, som i følgje ESA opererer i ein marknad. Rekneskapet må vidare vere transparent og kontrollerbart.
- For det andre må alle kostnader bli fordelt korrekt på aktivitetsområdet. Alle direkte og indirekte kostnader må fordelast og belastast publikumsdelen, og det må beviselig bli betalt marknadsleige for lokala.
- For det tredje må det bli stilt krav om fortjeneste når sjukehusapoteka driv sal til forbrukarar. På same måte som ein ordinær (kommersiell) eigar ville gjort det, må det også bli stilt krav til overskot på publikumsdelen.
- For det fjerde må skattefritaket som sjukehusapoteka nyt godt av, bli endra slik at publikumsdelen må betale skatt på lik linje med private apotek.

Endringane må vere implementert innan 1. januar 2015.

I brev av 27. januar 2014 til dei regionale helseføretaka har Helse- og omsorgsdepartementet lagt til grunn at dei regionale helseføretaka sikrar at drifta av sjukehusapoteka blir innretta i tråd med ESA sitt vedtak. I brevet blir det peika på at det kan vere hensiktsmessig med eit samarbeid på tvers av

regionene i det vidare arbeidet. Det vil bli lagt opp til ein særskilt rapportering frå dei regionale helseføretaka på det arbeidet som blir utført, i felles tertialoppfølgingsmøte i juni 2014.

Helse Vest vil organisere det vidare arbeidet som eit prosjekt i samarbeid mellom Helse Vest RHF, helseføretaka i regionen og Sjukehusapoteka Vest HF. Hovudmålet for prosjektet vil vere å etablere eit tydeleg beslutningsgrunnlag som kan gi tilstrekkelig grunnlag til å vurdere korleis drifta av publikumsdelen skal innrettast for framtida, for å sikre at vi gjennomfører dei endingar som er nødvendige for å imøtekomme ESA sine krav samtidig som vi:

- Gir pasientane sikker og avbrotsfri tilgang til dei riktige legemidlar og rettleiing i bruk av desse under og etter polikliniske konsultasjonar, dagbehandling og innleggingar
- Ivaretar dei tilsette i SAV sine interesser på ein tilfredsstillande måte i forhold til gjeldande spelereglar mellom arbeidsgivar og tilsette, og etter gjeldande lover og regler.
- Sikrar ein effektiv drift av publikumsutsala der gevinstar kan bli realisert utan unødig sløsing med ressursar.
- Sikrar moglegheit for uttak av synergjar tilsvarande dagens organisering med omsyn til samarbeid (samhandling) mellom publikumsdelen og dei andre verksemdsområda innan SAV og mellom publikumsdelen og sjukehusføretaka til beste for pasientar og brukarar av sjukehusa.

Det er lagt ein framdriftsplan for prosjektet med endeleg leveranse per juni 2014. I den grad det står fram som formålstenleg og i samsvar med prosjektet sitt mål, vil Helse Vest RHF ta initiativ til at det blir etablert eit interregionalt samarbeid kring dette arbeidet. På møte mellom dei administrerande direktørane varsla Helse Nord at dei gjerne deltar i arbeidet. Vidare vil administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum i Sjukehusapoteka Vest HF avklare med sine kollegaer i Midt og Sør-Øst om dei ønskjer å delta. Prosjektarbeidet vårt må då ev. tilpassast og organiserast etter kor mange RHF som ønskjer å delta.